

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	27.04.2026
Vår referanse	2026/26013-9
Dykkar referanse	1f2c2d24-647c-4bd2-abc0-56266b87ec98
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for rehabilitering av Murane bekkeinntak, NVE-ref.: 202607041

Samandrag av innspel

Vestland fylkeskommune har vurdert detaljplanen og har ingen avgjerande merknader til tiltaket. Det er ikkje kjent automatisk freda eller marine kulturminne i tiltaksområdet, men meldeplikta etter kulturminnelova gjeld ved eventuelle funn. Tiltaket er vurdert å ha avgrensa påverknad på friluftsliv, og planlagd pause i høgsesong for turisttrafikk vert sett på som positivt. Når det gjeld vassmiljø, inneber tiltaket vedlikehald av eksisterande anlegg utan endring i vassføring eller fiskeforhold. Tiltaket reiser heller ikkje særlege utfordringar knytt til fylkesveg eller anna infrastruktur.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringa av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Murane bekkeinntak i Årdal kommune. Detaljplanen er utarbeidd av Sweco Norge AS på oppdrag frå Hydro Energi AS, og gjeld rehabilitering av Murane bekkeinntak, som ligg i Fortun–Grandfastvassdraget i Årdal kommune. Bekkeinntaket er ein del av søroverføringa til Skagen kraftverk.

Tiltaket omfattar mellom anna nytt tappearrangement og lukehus, forsterking av lukeseksjon og overløpstærklar med bergboltar, samt heving og etablering av ledevegger for å sikre anlegget mot dimensjonerande flaum.

Tiltaksområdet ligg i høg fjellsterreng og innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde, i eit landskap som er vurdert som sårbart for inngrep. Det er lagt til grunn at inngrepa i hovudsak skal avgrensast til areal som tidlegare er påverka av anleggsverksemd.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Vi har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor tiltaksområde. Tiltaket gjeld rehabilitering av bekkeinntak, og planen legg opp til inngrep i avgrensa areal, hovudsakeleg i område som tidlegare er påverka av anleggsdrift ved

bekkeinntak. Potensial for nye funn er difor vurdert som lågt. Ifølge detaljplanen skal det i all hovudsak ikkje gjerast terrenginngrep eller transport av utstyr i terreng i urørt terreng.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka. Vi ber om at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Marine kulturminne

Då saka gjeld areal i sjø har fylkeskommunen oversendt saka til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Dei uttaler følgjande:

«Museet kjenn ikkje til kulturminne ved Murane i Årdal kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Friluftsliv og rekreasjon

Vi kan ikkje sjå at tiltaket råkar vesentlege friluftssinteresser og har difor ikkje merknadar m.o.t. friluftsliv.

Vassmiljø

Tiltaka omfattar naudsynt vedlikehald av eksisterande konstruksjonar, og inneber ikkje endringar i vassføring eller vandringsforhold for fisk. Det er lagt opp til avbøtande tiltak i anleggsperioden for å hindre ureining av vassførekosten. Vi har ikkje avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til planane.

Fylkesveg og infrastruktur

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg sitt ansvar er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg og har særskilt fokus på trafikktryggleik og framcome for alle trafikantar.

Murane bekkeinntak i Årdal kommune har tilkomst frå Tindevegen som er ein privat veg, som igjen kjem frå fylkesveg (fv.) 5632 Fardalsvegen frå Øvre Årdal. Detaljplanen skildrar at av- og påkøyring til offentlig veg skal skje i tråd med gjeldande lovverk, og entreprenør er ansvarleg for trafikkavvikling. Dei utbetringane som skal skje ved bekkeinntaket krev ikkje omfattande massetransport langs offentlig veg. Vi vil difor ikkje krevje handsaming etter veglova for endra eller utvida bruk av avkøyrsla frå fv. 5632.

Vi ser det som svært positivt at arbeidet vert sett på pause til etter at høgsesongen for turisttrafikk over Tindevegen er over, då vi veit det er utfordringar på delar av fv. 5632 i høgsesongen.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har ingen merknadar til tiltaket.

Kontaktpersonar for fagområda

- Kulturminne – Silje Øvrebø Foyn

- Fylkesveg – Hildegunn Furdal
- Friluftsliv – Anders Søyland
- Vassmiljø – Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ÅRDAL KOMMUNE

Statsråd Evensensveg 4-6

6885 ÅRDALSTANGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER